

BOKN BYGÐABLAD

NR. 7 - SEPTEMBER 1992 - ÅRG. 7

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

BETRE BUSSTILBOD ETTER RENNFAST

Det ser ut til at det vil bli eit betydeleg betre busstilbod mellom Haugesund - Stavanger når Rennfast opnar den 1. desember i år.


I eit brev frå Rogaland Kollektivtrafikk A/S til dei berørte kommunane ligg det ved eit forslag til ruteopplegg for busstransport på strekninga kor ein ber om uttale før 18. september.

Etter dette vil Rogaland Kollektivtrafikk A/S ta endeleg stilling til ruteopplegg og fremja ei tilråding ovafor fylkeskommunen sitt hovedutval for samferdsel. Dette utvalet skal så avgjera kva selskap som skal tildelast løyve for å utføra busstransporten.

Ferjene Arsvågen - Mortevika vil ha avgang kvart 40. minutt med første avgang kl. 06.00 om morgonen. Overfarten er rekna til 20. minutt.

Forslaget om bussruter frå Mortevika går ut på avgang frå Mortevika 5 min. over kvar halvtide og frå Stavanger 15 min. over kvar heiltide. Ein foreslår 3 ekstra avganger i rushtida om morgonen og 2 ekstra om ettermiddagen. Det vil då bli bussavgang kvar halvtide i desse periodane.

På strekninga Arsvågen - Haugesund er det foreslått buss kvar andre time frå kl. 07.05 om morgonen til ca. kl.



20.20 om kvelden med like mange turar Haugesund - Arsvågen. Dette utgjer 8 turar dagleg kvar veg.

framh. n.s.

BETRE BUSSTILBOD ETTER RENNFAST.....

Forslaget inneber at det vert gjennomgåande rute frå Haugesund til Stavanger to gonger dagleg kvar veg. desse vil bli lagde opp slik at dei blir hensiktsmessige både for studentar, arbeidsreiser og for dei som skal korrespondera med andre transportmiddel.

I eit brev frå kommunane Bokn, Rennesøy og Tysvær til Hovedutvalet for samferdsel i Rogaland har dei tre kommunane etterlyst planar for det dei kallar ei kollektivlenke (buss-båt-buss) mellom sør- og nordfylket via Mortevika-Arvågen når det nye sambandet opnar 1. desember i år. Kommunane meiner at ein er vel seint ute med samordna

kollektivlenke når det nå berre er 3 mnd. att til opninga av det nye 20 minuttars sambandet over Boknafjorden.

Kommunane ber om fortgang i arbeidet, slik at det nye Boknafjordsambandet ikkje opnar med eit haltande og därleg kunngjort kollektivsamband.

Det gjenstår å sjå om dei fylkeskommunale styresmaktene nå maktar å fylgja opp samferdselsrevolusjonen som vil koma 1. desember 1992, og som har muligheten til å samla Rogaland til eitt fylke også når det gjeld kollektivtrafikken.

SPØRJEUNDERSØKING

Som nemnt i eit tidlegare bygdablad er det på tale å foreta ei nokså stor spørjeundersøking i Bokn kommune om forhold i nærmiljøet.

Fylkesleger har løyvd midlar til undersøkinga.

Kommunehelsenesta i Bokn saman med Fylkesleger i Rogaland og Senter for Sosialt Nettverk og Helse (Sosialdepartementet) vil vera ansvarlege for undersøkinga, som ein håpar vil kunna gjennomførast i oktober månad. Ein ventar nå på godkjenn ing av spørjeundersøkinga frå Datatilsynet, og det er dette som vil avgjera når ein kan senda ut skjemene.

Undersøkinga vil sannsynlegvis omfatta alle personar mellom

15 og 70 år dersom Datatilsynet godkjenner det.

Det vil bli Senter for Sosialt Nettverk og Helse i Oslo som er registeransvarlege, slik at ingen i kommunehelsenesta i Bokn vil få tilgang på svar frå einskildpersonar.

Ein reknar med at undersøkinga vil gi kommunehelsenesta kunnskapar om nærmiljøet som kan brukast i arbeidet med å få til ei positiv utvikling. På grunnlag av undersøkinga kan det vera mulighet til å få midlar frå Staten for å setja i gang prøveprosjekt for å betra nærmiljøet.

Kommunehelsenesta i Bokn vil koma tilbake til meir informasjon om undersøkinga.

NÅ LØNNER DET SEG Å SPARE



Ta kontakt med banken så oppretter vi gjerne ein spareavtale for deg.



SPARING PÅ HØYRENTEKONTO

I dette forslaget har vi brukt et innskudd på kr. 500,- hver måned. Tabellen under viser hvor mye disse pengene vokser til.

Etter	Renter	Disponibelt
1 år	245 kr	6245 kr
2 år	716 kr	12961 kr
3 år	1220 kr	20181 kr
4 år	1761 kr	27942 kr
5 år	2343 kr	36285 kr
6 år	2969 kr	45254 kr
7 år	3642 kr	54895 kr
8 år	4365 kr	65260 kr
9 år	5142 kr	76402 kr
10 år	5978 kr	88380 kr

Skatt på renteinntekter er for tiden 28%

KONTOVILKÅR

Gjeldende betingelser som er brukt i beregningen:

7,5% rente fra første krone.

SR-BANK Bokn



Hausten er i rute.
Det er mykje rogne-
bær for staren i år.

LYNGEN BLØMER

Har du sett at lyngen blømer i år?


I fjar då skreiv og snakka dei om at nå var lyngen i fere med å verta burte forgodt.

Men, iår så blømer lyngen på alle haugar, knausar og knattar i alle utmarker i Bokn. Ja, du vedunderlege natur -.

Eg har to planter sopm eg er så glad i - og det er:
Kusom og Lyng. Dei kallar eg for: Bokn sine nasjonalblomar.

Kusomen er ein vårblo m og er gul av farge, står og lyser i liane og ber bud om 17. mai, sol og sumar med ljose gilde dagar. Og så Lyngen på ettersumaren med sin lillaraude farge, som seier til meg: -No er det på hell med sumaren og hausten er i vente med mange koselege innekveldar. "Spøtene, heklenålå, synålå og bøkene" må fram. skulen, foreningslivet, idretten og mykje anna kjem i gong. Her er noko for alle som vil å vera med i. Det kjem i tanken min kva som står på ei av dei siste sidene i "MINNEBOGEN FOR BOKNEFOLKET" utgitt i Amerika i 1929:

-Vi har så mange barndomsminner og det gjør oss godt at oppfriske dem. Det var pent i Bokn om sommeren når gresset stod høyt og med alle slags varianter av blomster. Husker du Terlitungen, den gule og røde og blå? Husker du Hjertegresset (Bevende hjørter) og den deilige blomst, Kusommer? Ja, selve lyngen blomstret og mange av oss mindes lyngen nu, når vi ikke ser den mere. Min søster, Lina, sat engang og tenkte på lyngen, og andre ting i Bokn; og så skrev hun dette rim om Lyngblomsten.
Det lyder slik:



Purpurlyng
(*Erica cinerea*)

Poselyng
(*Erica tetralix*)

LYNGBLOMSTEN


Såsandt som jeg eier i Bokn en ven.

Så send mig en lyngblomst i posten her hen.

En lyngblomst fra fjeldet, hvorner jeg var født, hvor minder fra hjemmet oppdukker så sødt.

En lyngblomst fra fjeldet der langt imot nord.
Der vokser den oppe på fjeldet ned til fjord.
Å send mig en lyngbusk med blomsterne små.
Det er den gjildeste blomst jeg kan få.

En lyngblomst med øine så blide og blå
jeg ønsker så gjerne slik lyngblomst at få.
Jeg drømmer om natten om lyngblomsten min,
Som vokser i Bokn beskeden og fin -.



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30
ONSDAG : 16 - 19.00
TORSDAG: 10 - 13.30

BIBLIOTEKET - *gratis å spørje gratis å få svar*

VAKSNE

Brandon, Jay:
Et spill om skyld

Follett, Ken:
Stormens tid 1 og 2

Ludlum, Robert:
Pakten 1 og 2

Plain, Belva:
Ringen er sluttet



TORSDAGSKAFFI

KOMBINER BESØKET PÅ BIBLIOTEKET MED EIN TUR PÅ ALLROMMET DER SANITETEN SERVERER KAFFI OG NYSTEIKTE VAFLER TIL SMÅ OG STORE, SAFT TIL UNGANE.



BARN/UNGDOM

Barnas faktabøker:
Menneskekroppen

Cole, Babette:
Prinsesse Innmari

Gaarder, Jostein:
Sofies verden

Dæhli, Liz Bente:
Helle og den blå sykkelen

TUR TIL RØVÆR OG SULDAL

Då det kom lapp i posten om tur til Røvær den 4. august tenkte eg: då skal eg vera med!

Dagen kom med kuling frå sørvest og ausande regnver. Ja, ja - ingen kan styra med veret, så det var berre å kle på seg å ta i veg.

Me gjekk på bussen i "Vigjå" og køyrdet til Haugesund for å koma oss ombord i Røgvær. Kl. 10 løyste Sven J. tampen og me var ca. 35 store og små boknarar på veg til Røvær. Havstykket me skulle over, var både kortare og snillare enn mange av oss frykta den dagen.

Vel framme på Røvær måtte me fyrt innom forretningen på kaien. Det restaurerte sjøhuset me skulle vera på låg like ved. Der måtte me sokja ly for regnet, det var jo for tidleg til middag.

Me var komne til Røvær for å sjå korleis dei hadde det der ute, og snakka litt med folk. Regnet skulle ikkje stoppa oss, så me tok paraplyen og la i veg. Bedehuskapellet var fyrtte stad me stoppa. Ein ung gut me møtte fekk tak i nøkkelen og viste oss rundt. Det var sanneleg eit innhaldsrikt hus. Kapellet var veldig fint, der var det gudsteneste ein gong kvar mnd. I same høgda var det ein nyoppussa møtesal m/foldedører inn til kapellet, så det kunne romma over 100 menneske. Kjøkken og fin peisestove var det i kjellaren.

regnet gav seg litt, så me gjekk turre over til skulen. Den er nokså ny, og det er ein open skule. 9-årig skule og barnehage held til der.

"Nysgjerrigperprisen" og premiane elevane fekk for hantikke-forskinga si fekk me og sjå.


Kl. 12 var komlemiddagen klar. Me sette oss til bordet og åt svære Røværkomler med god appetitt. Kaffi og dessert var det etterpå for dei som ville ha.

Medan me sat ved middagsbordet fortalte Sven J. oss om Røvær frå gamal tid, og slik det er nå.

Etter matøkta skein og varmde sola frå klår himmel, då skulle me ut å gå på vegen, sjå oss litt om på øya og kvar folk budde, m.a. ein utflytta boknar. Me fann han og, han var i verkstaden sin i kjellaren. For han Bjørn på Røvær lagar både vogger og gyngestolar.

På heimturen skulle me få kaffi og kaker ombord på Røgvær, som skulle føra oss heilt heim til Bokn. I Røyksund ved Sven J. sin kai hadde me kaffipause.

Takk til besøkstjenesten i Røde Kors som tok oss med på ein gild tur til Røvær.



LINDUM I SULDAL

Den 5. august hadde Bokn sanitetsforening tur for eldre til Lindum i Suldal. Til saman 48 hadde meldt seg på turen.

var det regn den 4. august på turen til Røvær, så var det sanneleg ikkje opphold den 5. heller. Men tur skulle me på, og bussen med formann køyrd rundt og henta passasjerane.

Den ca. to timar lange bussturen gjekk gjennom mange fine, store og små bygder i Tysvær og Vindafjord. Ferja over til Sand var fyrste stopp. Då var det ein del som nytta høvet til ein strekk på føtene og litt frisk luft. Jamen traff dei på pensjonistvener dei hadde vore i lag med før. Me køyrd gjennom Sandsbygda og opp til Lindum, der me skulle få middag og kaffi og kosa oss ei stund.

Det var veldig fint på Lindum, men veret var ikkje slik at me kunne gå ute og sjå oss om på den fine eigedomen med hus og hytter, fine hageanlegg og fin natur. Langs etter elva stod regnkledde laksefiskarar.

Me fekk deilig middag med dessert, og kaffi og kake.

På Lindum budde 10 pensjonerte kunstnarar i sommar. Dei mala bilder og hadde utstilling. Me fekk gå og sjå både der dei mala og på dei ferdige bildene, kjøpa kunne me og.

Før me reiste heim skulle me innom museet på Sand og på Laksestudioet. Gå i gata kunne me ikkje, for det "auste" ned. Men på museet fekk me ei stor oppleving, der var det også kunstutstilling av både malerier, handarbeid og glaskunst. Den største interessa fekk nok dei strikka teppene (bildene). Det var

noko heilt fantastisk den kunstnaren hadde fått til med strikkepinnar og nål og tråd. Målfrid Ness heitte ho, og same dama hadde laga maleriene.

Det vanlege museet hadde og mykje anna som var verdt å sjå på, m.a. det gamle apoteket på Sand og skomakarverkstaden.


Tida fer fort på slike stader, me skulle på laksestudioet og. Det var rart åstå nedi elva og sjå på laksen gjennom glas.

Så var det å ta fatt på heimvegen - og det gjekk ganske fort, for me skulle nå Aksdalsenteret før stengetid. Me måtte jo handla litt på turen.

Takk for turen og takk for gildt lag til alle som var med.

Sjølv om veret ikkje var det beste då me reiste, var det sol og sommar då me kom heim!

Ingunn V



NYTT FRA TEKNISK ETAT

FEIAREN KJEM!

I løpet av hausten skal alle pipene feiast.

Feiaren vil gi beskjed på førehånd når han kjem.

Viss tidspunktet ikkje passar vert ny tid avtalt.

BYGGJELØYVE

Leif Kjellesvik har fått byggjeløyve for bustadhus i Føresvik.

Sigvart Våga har fårt byggjeløyve for sauehus i Kastdal i Våga.

ETTERSPØRSEL ETTER BUSTADTOMTER OG HUS

Etterspørselet etter bustadtomter har også etter at kommunestyret vedtok å redusera prisane (50% reduksjon for husbyggjarar som byggjer livsløpsbustad.)

Alle tomrene i Føresvik er tildelt, og på feltet ved Hålandssjøen står det berre 5 tomter att.

Teknisk etat får stadig spørsmål frå folk som er interessert i bustad og tilflyttarar om det er muleg å leiga bustad i Bokn. Som fylgje av ein stram bustadmarknad har kommunen "mista" tilflyttarar.

Dersom nokon har hus/hybel som dei kan tenkja seg å leiga ut, kan dette eventuelt formidlast gjennom teknisk etat.

GAMLE BILETE

Har du gamle biletar frå Føresvik, Bokn Handelslag, Hestastallen eller frå interiøret av det gamle Handelslaget då det låg ved Hestastallen?

då bør du kontakta Birger Lindanger eller Annbjørn Sunde.

Handelslaget skal markera åpning av nyåpna butikk før jul, og ville då gjerne avfotografert og forstørra slike gamle biletar til denne markeringa.

Også bygdaboknemnda er interessert i å registrera gamle biletar. Dersom du har slike, kan du ta kontakt med Liv Vatnaland. Nemnda vil då seinare koma tilbake for å få dei avfotograferte. Nokre vil bli brukte i bygdeboka som vil bli påbegynt i begynnelsen av 1995.

Dersom du har gamle bilder i album eller laust, er det viktig å notera t.d. bak på bildet kvea personar som er på bildet. Elles kan dette snart bli gløymt etter som dei eldste som kjenner til kva personane går bort.

NYTT FRA FORMANNSKAPSMØTE 25.08.

BOKN BYGG VIL LEIGA LOKALE TIL KOMMUNEN

Bokn formannskap utsette i siste møte ei sak om å leiga innandørs og utandørs lagerareale på Bokn Bygg sin eigedom på Hognaland.

Bokn Bygg hadde tilbud til kommunen om leige av eit 90 m² lagerareale innandørs og eit 250 m² utandørs areale for ei årleg leige på kr. 13.500.

MOBILTELEFONAR TIL ORDFØRAR OG RÅDMANN

Bokn formannskap vedtok i siste møte mot ei røyst (Sigurd Johnny Svendsen, Kr.f.) å løyva kr. 24.000,- til innkjøp av 2 mobiltelefonar til rådmann og ordførar. Sigurd Johnny Svendsen foreslo at ein skulle kjøpa inn ein mobiltelefon som hovedsakleg skulle disponerast av ordførarar, men fekk ikkje støtte for dette i formannskapet.

DISTRIKTSTANNKLINIKKEN

Frå 1. september blir det skifte på tannklinikken. Eg må bruka tida mi i Haugesund frå nå.

Ny tannlege blir Gunnar Amundsen, og kontoret er ope tysdag og torsdag som før.

Eg vil nytta høvet til å takka for den tida eg har fått arbeidd på Bokn.
Det var ei gild tid.

Helsing Steinar Salemonsen

VALDAG 13. SEPTEMBER 1993

Bokn formannskap vedtok i ovannemnde møte ei innstilling til kommunestyret om at stortingsvalet 1993 skal haldast den 13. september 1993 i Bokn.

TILLEGGSLØYVING BOKBUDSJETTET

Bokn formannskap vedtok i siste møte å tilrå ovafor kommunestyret at det blir tilleggsløyvd kr. 10.000,- til bokbudsjettet til biblioteket i år. Årsaka til at saka kom opp er m.a. at prisauken på bøker i det siste har vore oppimot 10%, of at biblioteket har mangla oppslagsverk m.v. som er forholdsvis kostbart.

STØTTE TIL FORSØKSRINGEN

Bokn formannskap vedtok i siste møte å støtta Haugaland forsøksring med kr. 7.200 for 1993.

JUNIOR-NM I FRIIDRETT:

BRONSE TIL TROND LINDANGER PÅ 200 M.

Trond Lindanger frå Bokn (medl. Stavanger IF) sette personleg rekord både på 100 m. og 200 m. i Kongsvinger under junior-NM i sommar med hhv. 11.10 og 22.36.
200 meterløpet haldt til ein overraskande bronsemedalje. Også på 1.000 m. stafett for Stavanger IF blei det bronse for Trond.

Gratulerer Trond!

Fergetrafikken over Boknafjorden og sjøsikkerheten.

Sjømannsforeningenes Landsforbund har i den senere tid fulgt debatten om den fremtidige fergetrafikk over Boknafjorden med oppmerksomhet.

Det har slått oss at debatten i stor grad dreier seg om hvorvidt det nye selskapet kan klare å holde god regularitet, med de fergene de ønsker å sette inn i sambandet. Videre synes det å være oppstått en kløft mellom befolkningen og politikerne, og mellom politikerne nord og syd for Boknafjorden.

Det er neppe særlig tvil om at de åpne fergene manøvrerer godt i havnen, også i dårlig vær. Men hvordan oppfører de seg i svært hav, det er vel egentlig det som teller.

Det er stor forskjell på virkningen av en orkan på Byfjorden i Stavanger og orkan på Boknafjorden, det er som natt og dag. Sjøsikkerheten er det aller viktigste i denne saken. For oss er kravet til sjøsikkerhet høyt hevet over alle andre krav.

Vi vet at mange av sjøfolka på fergene er meget betenkta over tanken om å bruke åpne ferger over Boknafjorden høst- og vintersdag. At de går stille i dørene må nok tilskrives dagens vanskelige arbeidssituasjon for norske sjøfolk. De vet at kravet til regularitet blir høyt, de er engstelige for å bli presset til å strekke seg utover den akseptable grensen, for å holde ruta og beholde jobben.

Det virker nokså merkelig at et flertall av fylkespolitikerne går inn for åpne ferger. Man har jo pr. i dag utmerkede, lukkede ferger som for lengst har bevist at de takler værforholdene hele året. Befolkningen i området er også meget tilfreds med dagens ferger.

Vi etterlyser et initiativ fra de lokale sjømannsforeningene i sakens anledning. De representerer stor maritim kunnskap, erfaring og godt kjennskap til farvannet og de lokale værforhold. Vi håper de snart kommer på banen og slår et slag for sjøsikkerheten og for kollegaene på Boknafjorden.

Sjømannsforeningenes Landsforbund henstiller til Sjøfartedirektoratet å vurdere den foreslalte trafikk med åpne ferger over Boknafjorden nøye. Det finnes mange bevis for at Boknafjorden er et værhardt farvann og ikke en lekeplass for bl.a. lokalpolitikere. La oss ikke få oppleve en repetisjon av Seebrügge-tragedien på norskekysten.

SJØMANNSFORENINGENES LANDSFORBUND.

Finn Tronstad
(formann)



BOKN KOMMUNE 4290 FØRESVIK

LEDIG STILLING SOM REINHALDSASSISTENT

STILLING SOM REINHALDS-ASSISTENT ER LEDIG PÅ BOKNATUN. ARBEIDSTID PR. VEKE ER 12.5 TIMAR. ARBEIDET KAN UTFØRAST PÅ DAG- ELLER KVELDSTID. NÄRARE OPPLYSNINGER OM VASKEAREAL KAN EIN FÅ VED Å KONTAKTA VAKTMEISTER ARNE OGNØY. SØKNAD SENDES FORMANNSKAPSKONTORET INNAN 15. SEPTEMBER 1992.

BOKN KOMMUNE, DEN 28. AUGUST 1992

RÅDMANNEN

N Y T T G R E N D A- H U S I B O K N

Grendahusutvalet i Bokn undersøkjer no trøngen for nytt forsamlingshus. Spørjeskjema der ein spør om aktuelle lokale er sendt ut til lag og organisasjonar. Dette for å få det huset som boknarane er mest tente med. Skulle det då vera andre brukarar som har ynskje i samband med huset, så er det lagt ut spørjeskjema i resepsjonen i kommunen. De kan og kontakta ein av medlemene i grennahusutvalet. Svarfristen er 1. oktober. Ein oppfordrar dei som har fått tilsendt skjema og alle andre interesserte om å svara. Dersom det blir liten respons, blir det naturlege utfallet at arbeidet med grennahuset stoppar.

BOKNAVIDEO TIL JUL

Bygdaboknemnda vil i samarbeid med eit videofirma prøva å få laga ein Boknavideo som skal kunna kjøpast til jul. ein vil her få med gammalt og nytt frå Bokn som er festa på filmrullar.

Har du kanskje noko som kunne vera av interesse å ha med på denne videoen? Me er interessert i alt muleg. T.d. 17. mai arrangement eller anna som har allmenn interesse.

Ta eventuelt kontakt med Bokn kulturkontor.

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 BOKN
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300
Halv side: kr. 150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonser: kr. 10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARRANGEMENT PÅ BOKN SKULE:

02.09: BINGO
10.09: kl.19.00 har Hagelaget møte med demonstrasjon av blomsteroppsettning.

MØTER PÅ BOKN BEDEHUS

29.aug: Jubileumsutlodning, Santal
06.sept: Misjonsfest, NMS
13.sept: Blå Kors
17.sept: Utlodning, Indremisj.
30.sept: Basar, Sjømansmisj.
06. -
18.okt: Møter, NLM
25.okt: Fest, sjømansmisj.
29. og
30.okt: Karmsund Indremisj.
01.nov: Karmsund Indremisj.
07.nov: Bedehusbasar
15.nov: Besøk fra Tysvær
17. og
18.nov: Israelsmisj.
27. og
28.nov: Blå Kors
08. -
10.des: Santalmisj.

TIL SALGS

Vingen Harmony orgel til salgs
kr. 3.000.
Tlf. 04 74 85 29

Rana 15,5 fot trebåt med ein del utstyr til salgs. 20 hestar Yamaha -85 modell.
Tlf. 04 74 83 25

Komplett parabolanlegg til salgs. Tlf 04 74 83 25



GUDSTENESTE:

06.09:kl.11.00.Misj.gudsteneste
Utsending fra NMS.
20.09:kl.19.00.Gudsteneste v/
Bårdsen.
Konfirmantpresentasjon.

YNSKJER KJØPA:

Bruk farge TV
Tlf. 04 74 83 12

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag 9.sept.
Påmelding snarast til sosialkontoret i tlf. 04 74 85 00.

LENSMANN

Lensmannen har kontortid i Boknatun 1. fredag kvar mnd.
kl. 10.00 - 12.00.
Tlf. 04 74 85 00.

Elles vanleg kontortid i Aksdal senter tlf. 04 77 54 80.